

«KOKKELUR»

Av
Helge Sandøy

Kven har ikkje gått i fjøra, teke opp ein kokkelur og prøvd å sjå inni han? Mange har nok undra seg au over dette rare ordet. Er det romsdalsk? Slik me uttalar det – i alle fall i Ytre Romsdal – skulle ein tru at det var samansett av eit *kokke* og eit *lur*. Men kva skulle det tyde?

I ordbøkene er forresten ikkje ordet skrivne på denne måten. Ivar Aasen skreiv det *kukkelur*, og i dei siste norske ordbøkene står det oppført som *kukelur*. Ordet er ikkje berre romsdalsk, men det ser ut til å vere mest brukt på Nordvestlandet i tydinga 'sjøsnigel' eller 'sniglehus', som elles i norsk kan heite *kuvung* og *buhund*. Ordet *kukulur* blei på 1700-talet brukt i islandsk au i denne tydinga. Men ordet fanst ikkje i gammalnorsk eller norrønt. Somstad elles i Norge blir ordet brukt om kongler av bartre.

Dette merkelege ordet kom kanskje inn i nordiske språk på 1600-talet. Det kom frå det gammalnederlandske ordet *kokeloer*, som er nettopp eit 'sniglehus'.

Me kjenner au verbet *å kokkelere* (eller *kukelere* som det skal skrivast). Det tyder noko slikt som 'å sitje aleine og gruble' – som det står i *Nynorskordboka*. Dette ordet finst au i moderne nederlandsk (*koekeloeren*), det finst i svenske dialektar, og det fanst i eldre dansk og islandsk. Og ordet går nettopp tilbake på 'å sitte innestengt', altså som snigelen i ein kukelur. I eldre dansk og svensk finst au substantivet *kukelure/kuckelure* om 'stuegris' eller 'ein som held seg for seg sjølv'.

Det gammalnederlandske ordet *kokeloer* skal vere ei omlaging av det latinske *conchylum*, som eigentleg går på sjølve snigelen, men som me i dag kjenner i forma *konkylie*, brukt om dei svært store sniglehusa som ikkje finst på våre strender.

Dermed blir dette ei lang historie, slik tilfellet ofte er når me begynner «slektsgransking» på orda våre. Mange ord vandrar att og fram som lån mellom språka. Men nederlandsk er ikkje av dei vanlegaste långjevarane for norsk. Det er ikkje så mange orda som sikkert kan heimfestast dit. Dei som kom, stammar helst frå ein periode på 1500-, 1600- og 1700-talet då me hadde nær kontakt med nederlendingane.

Nordmenn hadde to kontaktpunkt med nederlendingane: 1) i handel med dei her heime, og 2) som sjømenn hyrt på nederlandske båtar. Handelen her heime var mest intens på slutten av 1500-talet og i første halvdel av 1600-talet. då kom nederlendingane hit for kjøpe tømmer, og mange av skogane våre langs kysten blei uthogd i denne tida. Her kom bøndene ofte i direkte kontakt med utlendingane, for det blei drive mykje tuskhandel frå begge si side. Denne småhandelen blei oppfatta som eit problem, for borgarskapet ville helst ha kontroll med all omsetting. Det ser me av kongelege forordningar som blei sendt ut, og av klager på bønder som selte nokre plankar dei hadde fått skore på næraste saga, mot å få

utalandske varer, m.a. brennevin og kanskje tobakk, frå dei nederlandske skipperane. Somme av dei nederlandske skutene kom att 4-5 gonger på ein sommar, og då kunne nok bøndene au tinge seg utalandske varer til neste besøk. Det er i denne tida nederlendingane laga ein del interessante kart over kysten vår, der mange detaljar er med som dei trong for å ta seg fram. På eitt frå 1662 er for eksempel *Stoppels* nemnt. Der var ikkje tømmer å hente, men nederlendingane oppdaga nok au kor vanskeleg Hustadvika var, og dei lærte seg difor namn på leia og skjera, som altså *Stoppelleia* og *Stoppelskjera*.




Fig. 9: viser prinsipptegning av fløytskipet med rigg- og seilplan. Fra E.W. Petrejus: *The Dutch Flute. 17th century, Lausanne 1967.*
Repro: Norsk Sjøfartsmuseum.

Otto Grüner har i boka *Hollendertida i Romsdal* (1972) spekulert over korleis norske bønder og nederlendingar snakka saman for 300-400 år sia. Nederlendingane hadde kanskje lært seg ein del norske gloser, såpass at dei kunne utføre handelen sin. Det er ei rimeleg gjetting, for dei kunne neppe forstå kvarandre utan vidare. På denne tida var norsken så å seie som i dag, og dermed var den språklege avstanden for stor. (Men 300-400 år før dette att, var situasjonen ein annen; då kunne nok nordmenn og nederlendingar snakke saman likeins som f.eks. nordmenn og danskar snakkar saman i dag.)

Den andre kontaktflata nordmenn hadde med nederlendingane, var altså som mannskap på nederlandske båtar, som kunne gå både på norskekysten og på langfart til Vest-India og resten av verda. Nederland var på denne tida ei stormakt og ein skipsfarstnasjon. Norge hadde ikkje sin eigen handelsflote då, og me kan seie at nordmennene lærte mykje av moderne sjømannskap av nederlendingane. Ombord har nok nordmennene lært seg nederlandsk, og dei har teke med seg mange av dei nederlandske skipsuttrykka tilbake til norsk.

Somme av desse orda er i dag så allmenne i norsk at me tenkjer neppe over at det skal vere noko spesiell historie bak dei. Men for øybuar og kystfolk som er vant med å fare i båt, kan det kanskje vere interessant å oppdage kor mange av faguttrykka som kom inn i norsk på denne tida. Då blir det lettare å tenkje seg kvar dagen for 300-400 år sia og å gripe kva som folk truleg rekna som nytt og spennande på den tida.

Båtinteressa var sjølvstort stor i ein skipsfartsnasjon, og det generelle ordet *farty* er nederlandsk. Fleire båttypar var nye for nordmennene, og derfor kom nemningane *jakt*, *kaper* (= sjørøvarskip) og *lekter* inn.

Om nokon har undra seg over kvifor *bakken* på ein båt er framme, så er det fordi ordet er nederlandsk (som igjen har fått det frå latin) – og det har ikkje med det norske 'bak' å gjere. Opphavleg gjekk ordet på det ein henta maten i, altså ei 'skål' (jf. au *vaskeback* og *spyttback*), men så blei det brukt om dekket over rommet framme i båten der ein lagra maten og henta han ifrå. Bak på båten blei forresten no kalla *akter*.

Dei store havgåande båtane inneheldt ein del nytt, som det var naturleg å lære nye ord for. Slike ord er *bestikk* (dvs. oppteikningar om kurs, dessutan ein *bestikk* om lugaren der ein lagar oppteikningane), *dekk*, *fallreip*, *kjetting*, *kause* (metallring), «*kâi*» (dvs. med to stavingar, slik me uttalar det i romsdalsk, etter nederlandsk *kooi*; den normerte norske skrivemåten er *køy*), *ruff* (opphaldsrom for mannskapet), *skandekk*, *skjærstokk* (bjelke under lasteromsluka), *spant* og *spygat*.

For seglføring og sigling kom orda *jagar*, *klyver*, *fokk(e)*, *lovart* (= vindsida), og me kan au ta med her *orkan*.



Matelot Hollandois.

I arbeidet ombord måtte éin vere *basen*, som er eit nederlandsk ord for 'husfar'. Ordet *matros* er av dei som har vandre vide. Det begynte i gammalnorsk med *mōtunautr*, dvs. person ein nyt maten i lag med. Ordet blei så lånt inn i gammalfransk, og derifrå lånte nederlendarane det. Ved kvart lån blir det gjerne omlaga litt, slik at me fekk det att i forma *matros*.

I arbeidet elles om bord var desse orda aktuelle: *buksere*, *fortøye*, *heise*, *knop*, *mal* (= modell), *peile* (finne retninga), *praie*, *sjaue* og *skaffe*. Og nederlandsk sjømannsspråk er au *kantré*, *orlog* (= sjøkrig), *slingre*, *svaie* og *vaie*. Kanskje ikkje alt ombord var like triveleg, for det var visst her nordmennene først møte *kakerlakkane*.

Skipsfarten gav au nye namn på innretningar på land: *bedding*, *dokk*, *kai* (uttalt med to stavingar i romsdalsk, etter nederlandsk *kaai*) og *molje*. Dette siste ordet – som i dag ser ut til å vere avgrensa til Nordvestlandet, men som før fanst au i Tromsø og Bergen – har ei svært lang historie: Det har gått frå gresk til italiensk, vidare til katalansk (i Spania) og derifrå til nederlandsk, som hadde det i forma *moelje*. I nederlansk skal det visst vere utdaua i dag, men hos oss lever ordet framleis godt.

Ein del ord har sjømennene teke med seg på land, dvs. at tingen orda stod for, kom i bruk der au: *levang* (eller *levanskost*), *plattung*, *vater* og *vimpel*.

Frå det meir kameratslege samværet ombord lærte dei norske sjøfolka ord som *kaut* og *i hurten* og *sturten* (nederlandsk: *met horten en stooten*). I nært samliv i kahytta tek ein lett etter uttrykksfulle gloser; dei markerer ekstra godt at ein vil vere solidarisk med gruppa: *gå fløyten* (nederlandsk: *gaan fluiten*), *sjaber*, *laber*. Dette var slang i den tida, som kanskje ungdomen tok lettast opp då au. Når dei norske sjømennene gjekk i land, *loverte* (rusla, slang) dei, og dei blei lett *lens* for pengar. Då hadde dei ikkje *ein døyt* att, for den nederlandske koparmynten heitte *duit*. Når dei spela kort, lærte dei seg å ha ein *makker*.

Dei sikre nederlandske orda er samla sett ikkje så mange i norsk. Det er dei lågtyske orda som utgjer så stor del av språket at me ikkje kan seie ei setning utan å bruke eitt av dei. Men det er ofte vanskeleg å avgjere kva som er opphavleg nederlandsk og lågtysk, for dei to språka er, eller heller: var, svært like. Den direkte påverknaden frå lågtysk kom mest med hansaen, frå 1200-talet og framover. Men når me kjem fram til om lag 1600, og nederlendingane blei viktige her i landet, kunne nok dei formidle same glosene til oss slik at ord me i dag reknar som lågtyske, kan au ha komme med nederlendingane.

Den kulturhistoria som ligg i desse lånorda, viser at nordmenn aldri har vore heimfødingar. Me har hatt kontakt med andre, me har reist og lært av andre. Men nordmennene har ikkje herma utan kritisk sans. Otto Grüner refererer i boka si ein hypotese om at romsdalingane beit seg merke i ordet *kukelur* fordi nederlendingane åt sjøsniglane, og «det har gjort et sterkt inntrykk på de gode romsdalinger for hvem sjøsnegler var uspiselige» (s. 39).

Begge illustrasjonane er henta frå Romsdalsmuseet si årbok 1987.